


Noregsuniversitetet

Kultur- og Kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep

0030 OSLO



Dykkar ref.: 2006/03495 KU/KU3 IE:kdp Vår ref.: 200604249-2/OLS

Dato: 07.07.06

HØRINGSBREV – HØRINGSSVAR FRÅ NOREGSUNIVERSITETET

I brev av 18.04.06 frå Kultur- og kyrkjedepartementet (vidaresendt frå Utdannings- departementet som vedlegg til e-post 29.06.06) har Noregsuniversitetet moteke utkast til endringar i forskrift 5. desember 1980 nr. 4938 om målbruk i offentleg teneste til høring.


Noregsuniversitetet har ingen større merknader til utkastet til endringar i forskrifta til mållova.

Som mange andre statlege organ har Noregsuniversitetet ikkje vore god nok når det gjeld å veksle mellom dei to målformene som lova krev. Slik Noregsuniversitetet ser det, vil dei endringane som det er gjort framlegg om, bl.a. den forskriftsfesta plikta for statsorgan å fastsetje interne rutinar for korleis veksling mellom målformene skal skje, vere til god hjelp i arbeidet med å etterleve intensjonane i lova på ein betre måte.

I det ovannemnde brevet frå departementet går det fram at Språkrådet og departementet kvart år innhentar rapportar om fordeling mellom nynorsk og bokmål i kvart enkelt statsorgan. Vi vil nytte høvet til å orientere departementet om at Noregsuniversitetet så langt ikkje er blitt beden om rapportere inn målbruken i organet.

Med vennleg helsing

Jan Atle Toska (sign.)
direktør


for Olav Skare
rådgivar

NOREGSUNIVERSITETET

9037 Tromsø, tlf, e-post postmottak@nuv.no vev www.noregsuniversitetet.no
rådgivar Olav Skare, tlf 77 64 66 11, faks 77 64 59 60, e-post olav.skare@nuv.no